



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 22.10.2013  
**Møtetid:** 15:00 - 16.30  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 5, inkludert 0 varamedlemmer.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Roy Vegar Hope/Eva Hellevang	Ingen
Birte Skar-Modum	Ingen

### **Andre som var til stades på møtet:**

Stabsjef Boge sak 39/13, Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge

### **Merknader:**

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<u>Ordførar orienterte;</u> -Kommunestyret vil få informasjon og status om Kraftsenteret den 6 november. -Innspel frå ordførar i Vaksdal om å utarbeida felles notat vedk. utgreiing om kommunestruktur. Kommunestyret tek ei kort drøfting 6 nov. <u>Stabsjef orienterte</u> om sak i forlikrådet og om at Samnanger får tilskot frå HFK til bygging av breiband.
<b>Utvalet sitt kvarter:</b>	<u>Gunnar Bruvik:</u> -Vegen gjennom Ytre Tysse vert brukt som anleggsveg og blir tilgrisa. Kan dette bli vaska bort med jamne mellomrom ? - FV 48 – skal verta overført til Samnanger kommune. Kva standard på vegen kan vi krevja når den vert kommunal ? -Ved marinaen på Bjørkheim står det bord og benkar til offentlig bruk. For vintersesongen er det tatt opp båtar på kaia som kan skapa utryggleik. Kva står i avtalen ? - Orienterte om høve for å søkja tilskot til prosjekt for eldre. <u>Ragnfrid Olsnes:</u> -Vil det verta reperasjon av utrasa kyrkjegardsmur inn mot kyrkjegarden ? <u>Øyvind Røen</u> ref. til møte i næringsforum der desse

	<p>sakene vart tekne opp:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Vinteropplaget for båtane på Bjørkheim og ønskje om å få etablera ny plass i Rolvsvåg.</li> <li>-Framdrift for skilting for industriområda og generelt i kommunen.</li> <li>-Røen bad om status og framdrift for granskinga av arbeidsmiljøet, samt status for forhandlingar vedk. sak om brot på teieplikta.</li> </ul> <p><u>Brigt Olav Gåsdal:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Kvifor leiande dir. i KS hadde gått på dagen.</li> <li>-Viste til at svar frå Vegvesenet om nesten ulukke er ei sak arbeidsmiljø-utvalet bør følgja opp.</li> </ul> <p>Ordførar og rådmann orienterte og følgjer opp sakene.</p>
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	

Tysse, 05.11.2013

---

Underskrift utvalsleiar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
038/13	13/578	Faste saker	
039/13	11/573	Presisering av reglar om dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande	
040/13	09/507	Bir Privat - renovasjonsavgift 2014	
041/13	12/119	Busetjing av flyktningar 2012-2015	
042/13	09/164	Tilslutning av nye deltarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd	

**SAKNR. 038/13**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent
  - Delegerate vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**22.10.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

Følgjande representantar tok opp følgjande under utvalet sitt kvarter;

Gunnar Bruvik;

- Veggen gjennom Ytre Tysse vert brukt som anleggsveg og blir tilgrisa. Kan dette bli vaska bort med jamne mellomrom ?
- FV 48 – skal verta overført til Samnanger kommune. Kva standard på veggen kan vi krevja når den vert kommunal ?
- Ved marinaen på Bjørkheim står det bord og benkar til offentleg bruk. For vintersesongen er det tatt opp båtar på kaia som kan skapa utryggleik. Kva står i avtalen ?
- Orienterte om høve for å søkja tilskot til prosjekt for eldre.

Ragnfrid Olsnes;

- Vil det verta reoperasjon av utrasa kyrkjegardsmur inn mot kyrkjegarden ?

Øyvind Røen ref. til møte i næringsforum der desse sakene vart tekne opp;

- Vinteropplaget for båtane på Bjørkheim og ønskje om å få etablera ny plass i Rolvsvåg.
- Framdrift for skilting for industriområda og generelt i kommunen.
- Røen bad om status og framdrift for granskinga av arbeidsmiljøet, samt status for forhandlingar vedk. sak om brot på teieplikta.

Bright Olav Gåsdal

- Kvifor leiande dir. i KS hadde gått på dagen.
- Viste til at svar frå Vegvesenet om nesten ulukke er ei sak arbeidsmiljø-utvalet bør følgja opp.

Ordførar og rådmann orienterte og følgjer opp sakene.

**FORM-038/13 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerate vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

## **SAKNR. 039/13**

### **PREISERING AV REGLAR OM DEKKING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE FOR SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### **22.10.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Formannskapet drøfta bruk av reglane. Fellesframlegg:” Reglane om dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande vert vidareførde slik dei er formulerte etter presiseringa 20.06.12.” Samrøystes vedteke.

#### **FORM-039/13 VEDTAK:**

Reglane om dekking av tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande vert vidareførde slik dei er formulerte etter presiseringa 20.06.12.

## **SAKNR. 040/13**

### **BIR PRIVAT - RENOVASJONSAVGIFT 2014**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Samnanger kommune (SK) vedtek at BIR AS delegerast fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av SK, jfr § 11 i Forskrift og handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrar SK.
2. SK vedtek at prisen på renovasjonstenesta vert uendra for 2014.  
Beløpet for ein minimumskunde vert då kr. 1520,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr halvår + eit tillegg på kr 26,- pr. restavfallstømming utover dette. Alle prisar er ekskl. mva.

#### **22.10.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

#### **FORM-040/13 VEDTAK:**

1. Samnanger kommune (SK) vedtek at BIR AS delegerast fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av SK, jfr § 11 i Forskrift og handtering av hushaldningsavfall. Avfallsgebyret tilhøyrar SK.
2. SK vedtek at prisen på renovasjonstenesta vert uendra for 2014.  
Beløpet for ein minimumskunde vert då kr. 1520,- for 12 tømningar, 6 tømningar pr halvår + eit tillegg på kr 26,- pr. restavfallstømming utover dette. Alle prisar er ekskl. mva.

## **SAKNR. 041/13**

### **BUSETJING AV FLYKTNINGAR 2012-2015**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune må førebels svara nei på oppmodinga frå IMDI om å busetja flyktningar i 2014. Spørsmålet vil tidlegast kunne handsamast på nytt i samband med økonomiplan for 2015 – 2018.

### **22.10.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune må førebels svara nei på oppmodinga frå IMDI om å busetja flyktningar i 2014. Spørsmålet vil tidlegast kunna handsamast på nytt våren 2014.” Samrøystes vedteke.

#### **FORM-041/13 VEDTAK:**

Samnanger kommune må førebels svara nei på oppmodinga frå IMDI om å busetja flyktningar i 2014. Spørsmålet vil tidlegast kunna handsamast på nytt våren 2014.

### **SAKNR. 042/13**

#### **TILSLUTNING AV NYE DELTARKOMMUNAR I BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD**

### **22.10.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Marit Asse (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune støttar at Kvam og Osterøy vert nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd.” Samrøystes vedteke.

#### **FORM-042/13 VEDTAK:**

Samnanger kommune støttar at Kvam og Osterøy vert nye deltakarkommunar i Bergen og Omland Friluftsråd.

